

# Kompetanseregionen Nordhordland, 2008 - 2011

## Evalueringsrapport

AUD-rapport nr. 5 – 11

Mai 2011



|                       |   |
|-----------------------|---|
| Utgivar:              | Hordaland fylkeskommune,<br>Analyse, utgreiing og dokumentasjon(AUD)<br><a href="http://www.hordaland.no/AUD">http://www.hordaland.no/AUD</a> |
| Tittel:               | Kompetanseregionen Nordhordland, 2008 – 2011. Evalueringsrapport  |
| Publikasjonsserie/nr: | AUD-rapport nr. 5 – 11<br><a href="http://www.hordaland.no/aud-rapportar">http://www.hordaland.no/aud-rapportar</a>                           |
| Dato:                 | 06. mai 2011  |
| Forfattar:            | Kathrin Jakobsen<br>Tlf.: 55 23 90 61<br>E-post: <a href="mailto:kathrin.jakobsen@post.hfk.no">kathrin.jakobsen@post.hfk.no</a>               |

|           |  |           |
|-----------|--|-----------|
| <b>1.</b> | <b>BAKGRUNN OG FØREMÅL</b> .....   | <b>4</b>  |
| <b>2.</b> | <b>METODE</b> .....  | <b>8</b>  |
| <b>3.</b> | <b>OM KOMPETANSEREGIONEN NORDHORDLAND</b> .....                                | <b>8</b>  |
| <b>4.</b> | <b>KORLEIS FUNGERER DEN ORGANISATORISKE MODELLEN?</b> .....                    | <b>14</b> |
| 4.1       | ORGANISERING .....   | 14        |
| 4.2       | PLASSERING.....  | 15        |
| 4.3       | TILSETTINGSTILHØVE.....  | 15        |
| 4.4       | PROFILERING .....  | 15        |
| <b>5.</b> | <b>KVA TILTAK ER GJENNOMFØRT?</b> .....  | <b>17</b> |
| 5.1       | UTDANNINGSVAL .....  | 17        |
| 5.2       | PROSJEKT TIL FORDJUPING.....   | 21        |
| 5.3       | VIDAREUTVIKLING AV ETABLERTE AKTIVITETAR .....                                 | 21        |
| 5.4       | NYE AKTIVITETAR .....  | 26        |
| <b>6</b>  | <b>ER ELEVANE BETRE RUSTA TIL Å GJERE SINE UTDANNINGSVAL?</b> .....            | <b>28</b> |
| 6.1       | KOR STOR NYTTE HAR ELEVANE HATT AV TILTAK KNYTT TIL KARRIEREPLANLEGGING? ..... | 28        |
| 6.2       | VEL ELEVANE UTDANNINGAR SOM BEDRIFTENE ETTERSØR?.....                          | 30        |
| <b>7</b>  | <b>ER SAMARBEIDET SKULE – NÆRINGSLIV BLITT BETRE?</b> .....                    | <b>38</b> |
| 7.1       | MEIR SAMARBEID?.....   | 38        |
| 7.2       | ENKLARE Å SAMARBEIDE? .....  | 39        |
| 7.3       | BETRE KVALITET? .....  | 40        |
| <b>8</b>  | <b>OPPSUMMERING OG VURDERING</b> .....   | <b>43</b> |
| 8.1       | OPPSUMMERING .....   | 43        |
| 8.2       | ER DET BEHOV FOR EIN KOMPETANSEKOORDINATOR?.....                               | 44        |
| 8.2       | SAMARBEID MED SENTER FOR YRKESRETTEIING (SYR) .....                            | 45        |
| 8.3       | EIT BREIARE OG MEIR ALLSIDIG NÆRINGSLIV .....                                  | 46        |
| 8.4       | PRIORITERING AV OPPGÅVER.....  | 47        |

# 1. Bakgrunn og føremål

## *Bakgrunn*

Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007) "...og ingen sto igjen" seier mellom anna at OECD og fleire norske utgreiingar har peika på alvorlige veikskapar ved det norske systemet for karriererettleiing. I vurderinga av karriererettleiinga i OECD-landene (OECD 2002) blei det peika på at i Noreg :

- blir det lagt størst vekt på informasjon og lite på rettleiing
- har undervisning om arbeidsliv eit svært lite omfang på ungdomstrinnet
- er mykje av rettleiinga konsentrert til 10. klasse
- har elevane ikkje tilgang til hjelp fra personar med tilstrekkeleg kompetanse.

*(Kjelde: Utdanningsvalg – mulighetenes fag, HiB, Inga H. Andreassen)*

I 2008 blei Utdanningsval innført som obligatorisk fag i ungdomsskulen. Føremålet med faget var å skape heilskap og samanheng i grunnopplæringa og å bidra til meir kunnskapsbaserte val av utdanning og yrke. Skulen har med jamne mellomrom frå sekstitalet fått læreplanar med mål og intensjonar om betre karriererettleiing gjennom undervisninga. Tidlegare erfaringar har vist at intensjonane ikkje er blitt realisert i særleg grad i skulen. Det nye er at elevane no får dette som eit eige fag (Andreassen, Hovdenak og Swahn, 2008).

Ny forskrift for faget Prosjekt til fordjuping blei sett i verk 1.august 2007. I yrkesfaglege utdanningsprogram er det sett av timar til dette faget. Læreplan i prosjekt til fordjuping skal lagast lokalt innan kvart utdanningsprogram på Vg1 / programområde på Vg2. Prosjekt til fordjuping skal med anna gi elevane moglegheit til å prøve ut eit aktuelt lærefag og få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer aktuelle yrke. Prosjekt til fordjuping kan gå føre seg på eigen skule, ein annan skule eller i bedrift.

Etter 2008 er det etablert ein koordinatorfunksjon i fem regionar i Hordaland der hovudoppgåvene er koordinering av faget Utdanningsval, Prosjekt til fordjuping og samarbeid skule-arbeidsliv i regionen. Initiativet til oppretting av desse funksjonane har kome frå ulike hald. Organisering og finansiering av desse funksjonane varierer mellom regionane, men felles er at Opplæringsavdelinga har brukt prosjektmidlar til å delfinansiere koordinatorstillingane. Til koordineringsfunksjonen i Nordhordland er det også løyvd midlar over Regionalt utviklingsprogram (RUP). RUP-midlane blir forvalta av næringsseksjonen i Regionalavdelinga.

Forut for dette blei Senter for yrkesretteiing (SYR) etablert i Hordaland i 2005 som eit treårig prosjekt, men blei gjort permanent frå 01.01.2008. Senteret er organisert under Hordaland fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga<sup>1</sup>. I starten var det meste av arbeidet ved senteret avgrensa til Bergen og kommunane i vest, Øygarden, Fjell og Sund, men frå og med våren 2008 er alle ungdomsskulane i Hordaland dekte. Oppgåva til Senteret er å hjelpe rådgivarane i arbeidet med å rettleie elevar i ungdomsskulen som skal velje vidaregåande utdanning. SYR skal også fungere som eit bindeledd mellom skule og næringsliv og mellom fylkeskommunen og NAV Hordaland når det gjeld yrkesretteiing.

---

<sup>1</sup> NAV og Hordaland Fylkeskommune har gjennom ein partnerskapsavtale inngått eit økonomisk samarbeid der Nav finansierar 1 av 5 stillingar.

Senter for yrkesrettleiing (SYR) har følgjande tilbod:

- *Skulebesøk*  
Senter for yrkesrettleiing syr saman eit informasjonstilbod til ungdomsskuleelevar på 9. trinn om yrke, arbeidsliv og utdanning. Skulane kan melde inn aktuelle datoar på førehand. Bedriftene i nærområdet blir oppfordra til å delta. Alle utdanningsprogramma skal vere dekte gjennom desse skulebesøka. SYR arbeider også for at skulane skal vere best mogleg førebudde på desse besøka.
- *Kurs*  
Kurs knytt til yrkes- og utdanningsrettleiing
- *Etterutdanningskurs (10 kursdagar)*  
Tilbod til lærarar som underviser i faget utdanningsvalg og som dekkjer alle utdanningsprogramma i vg1. Deltakarane vitjar ei vidaregåande skule og får besøk av bedrifter.
- *Rådgivarkonferansar*  
Tre-fire gongar i året blir det halde rådgivarkonferansar for alle rådgivarane i grunnopplæringa. Fokus er på yrkerettleiing og sosialpedagogisk rådgiving.
- *Yrkesmesser*  
Senter for Yrkesrettleiing har stand og innlegg på yrkesmesser i Hordaland. SYR har eit organisatorisk ansvar for gjennomføringa av Yrkeslabyrinten
- *Database*  
[Frå utdanning til arbeid](#) er ein database som gir oversikt over vegen frå vg1 til alle fag og sveinnebrev i yrkesopplæringa. Basen gir også ein oversikt over Hordaland sine lærebedrifter i fagene og alle bedrifter i bransjen.
- *Nettbasert koordineringsverktøy*  
Koordineringsverktøyet gir moglegheit for elevar å melde seg på hospitering i vidaregåande skule eller søkje på yrkespraksisstillingar i aktuelle bedrifter i samband med faget Utdanningsval. Bedriftene blir oppfordra til å registrere stillingar av 3-5 dagars varigheit som elevane kan søkje. Målet er at kvar elev skal få to yrkesutprøvingar i løpet av 9. og 10. klasse. Systemet er under utprøving i Sunnhordland og Askøy.

Koordinatorane har i ulik grad nytta seg av tilboda frå Senteret for yrkesrettleiing og har også utarbeidd til dels ulike opplegg. På sikt seier leiar for SYR, at det er ønskjeleg å samordne desse opplegga, slik at alle regionane har ein felles del i botnen, men med moglegheiter for regionale variasjonar tilpassa behova lokalt. Når det nettbaserte koordineringsverktøyet kjem i aktiv bruk, vil det også kunne avlaste koordinatorane på nokre av dei oppgåvene dei har i dag.

Tabellen nedanfor viser organisering og finansiering av koordinatorstillingane i dei 5 regionane:

| Region          | Organisatorisk tilknytning                | Midlar frå Hordaland fylkeskommune, 2010/2011                                | Oppretta |
|-----------------|---|--|----------|
| Bergen          | Bergen kommune                            | 300.000 frå Opplæringsavdelinga  | 2010     |
| Sunnhordland    | Forum for oppvekst i Sunnhordland (FORUS) | 75.000 frå Opplæringsavdelinga   | 2008     |
| Indre Hardanger | Næringshagen i Odda                       | 150.000 frå Opplæringsavdelinga  |          |
| Askøy           | Rådgjevar i ungdomsskulen                 | 100.000 frå Opplæringsavdelinga  |          |
| Nordhordland    | Nordhordland Handverk- og Industrilag     | 150.000 frå Opplæringsavdelinga og 150.000 frå Næringsseksjonen (RUP-midlar) | 2008     |

I Bergen er hovudaktiviteten fagdagar, der utvalde bedrifter tek i mot 10-15 elevar som får prøve seg på reelle arbeidsoppgåver i bedrifta pluss at dei får informasjon om ulike jobbmoglegheiter.

At det berre er ei vidaregåande skule i Indre Hardanger, gjer koordinering av aktivitetane vanskeleg i denne regionen.

Opplæringsavdelinga har nytta prosjektmidlar for å delfinansiere desse koordineringsfunksjonane, men ønskjer no å få dette over på driftsbudsjettet. RUP-midlar blir i utgangspunktet berre brukt til oppstart og gjennomføring av prosjekt.

I Nordhordland er koordinatoren si verksemd organisert som eit prosjekt – "Kompetanseregionen Nordhordland". Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL) er initiativtakar til prosjektet. Prosjektet er 3-årig og blir avslutta 01.08.2011. NHIL har søkt om RUP-midlar til vidare drift av prosjektet.

På bakgrunn av dette har nærings sjefen i Hordaland fylkeskommune bede Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) om å evaluere prosjektet i sin heilskap.

### *Om Kompetanseregionen Nordhordland*

Målsettinga med prosjektet er å få til:

- Ei planmessig og langsiktig kompetanseheving i eksisterande verksemdar, både private og offentlege
- Ei koordinering av samarbeidet mellom skule og verksemdar
- Karriereplanlegging for elevane

Prosjektet har to fasar:

*Fase 1:* Koordinering av arbeidet knytt til samarbeid skule – næringsliv, med spesiell vekt på iverksetting av reformene Utdanningsval og Prosjekt til fordjuping skuleåret 2008/09.

Målsettingane for fase 1 var:

- Etablering av system for informasjon (e-post, nettside, møtestadar)
- Regelmessige bedriftsbesøk for elevar, lærarar/rådgjevarar

- Minst 60 relevante stands på Utdanningsmessa i november 2008
- Etablering/utprøving av system for koordinering av Utdanningsval
- Styrke samarbeidet skule – næringsliv i Nordhordland
- Styrke Rådgiverlauget i Nordhordland

*Fase 2:* Gjere ein strukturert gjennomgong av verksemdene sin noverande kompetanse, kartleggje framtidig ønska kompetanse og ev. behov for kompetansetiltak.

Fase 1 starta opp 1. august 2008 og skulle etter planen ha vore avslutta 1. juli 2009. Fase 2 skulle starte 1. august 2009. Den strukturerte gjennomgangen av kompetanse og kompetansebehov i fase 2 er utsatt inntil vidare. Aktivitetane frå fase 1 held fram og prosjektet vil bli avslutta 1. august 2011. Deretter går det koordinerande arbeidet over i ein driftsfase, under føresetnad av at finansiering av koordinatorstilling fell på plass.

Det er etablert ei styringsgruppe på 4 personar (Fylkeskommunen, Regionrådet og Næringslivet). Det er også tilsett ein prosjektkoordinator i 100 % stilling frå driftsår 1. Prosjektmedarbeidar nr 2 som skulle ha fokus på kompetanseutvikling i næringslivet, blei tilsett i andre driftsår, men trekte seg etter ein kort periode.

Det er det koordinerande arbeidet knytt til samarbeid skule - næringsliv som ligg til den nyoppretta koordinatorstillinga (fase1), som blir evaluert i denne rapporten.

### *Føremålet med evalueringa*

Føremålet med evalueringa er å få kunnskap om, og om mogleg måle effektane, av dei planlagde tiltaka og aktivitetane i fase 1.

Dei spørsmåla som skal svarast på i evalueringa er:

- Korleis fungerer den organisatoriske modellen for Kompetanseregionen Nordhordland?
- Kva tiltak er gjennomført og kva er nytteverdien av desse?
  - a. Koordinering av faget Utdanningsval
  - b. Vidareutvikling av etablerte aktivitetar
  - c. Nye aktivitetar
- Er elevane betre rusta til å gjere sine utdanningsval?
  - a. Har elevane fått hjelp til karriereplanlegging?
  - b. Er det færre elevar som gjer omval?
  - c. Vel elevane utdanningar som bedriftene etterspør?
- Er samarbeidet skule – næringsliv blitt betre?

## 2. Metode

Datamaterialet som er nytta i denne evalueringa er henta inn gjennom:

- Intervju med medlemmane i styringsgruppa, Senter for yrkesretteiing og Opplæringskontoret Nordhordland
- Spørjeundersøking til:
  - Alle elevane på 10. trinn ved ungdomsskulane i Nordhordland og Osterøy, til saman 552 elevar. Svarprosent: 89 %.
  - Rektorar, rådgjevarar og kontaktlærarar ved ungdomsskulane og rektorar, rådgjevarar og faglærarar ved dei tre vidaregåande skulane, til saman 121 tilsette. Svarprosent: 53 %.
  - Alle medlemsbedriftene i Nordhordland Handverk- og Industrilag, til saman 309 bedrifter. Svarprosent: 30 %.
- Dokument, t.d. referat frå alle møta i styringsgruppa.


Ein svarprosent på 30 i bedriftsundersøkinga er for liten til at bedriftene som har svart kan seiast å vere representative for heile populasjonen. Desse resultatata må difor tolkast med varsemd.

## 3. Om kompetanseregionen Nordhordland


Nordhordland er ein region der folkemengda er i rask vekst. Frå 2010 til 2011 voks befolkinga i Nordhordland med 1,8 %. Nesten 70 % av den samla folketilveksten i 2010 kom frå netto innvandring. SSB sine framskrivingar viser at denne utviklinga vil halde fram, om ikkje med same fart. I 2030 vil det vere 38.276 innbyggjarar i Nordhordland.

Offentleg forvalting og anna tenesteyting er den største "næringa" i Nordhordland, men er også den næringa som veks mest (sjå figur nedanfor). I 2009 sysselsette offentleg forvalting nær 40 % av arbeidstakarane i regionen. Den nest største næringa er industri og bergverksdrift, med om lag 22 % av dei sysselsette. Her har riktignok andelen gått ned frå 1986 og fram til 2009.







Dei næringane som kan seiast å vere dei framveksande næringane i Hordaland, kjem fram av figuren nedanfor. Spesielt privat tenesteyting og forretningsmessig tenesteyting skil seg ut med særleg sterk vekst. Finansiell tenesteyting har derimot gått ned i perioden.




I Nordhordland finn vi mykje det same mønsteret, men Maskinvareindustri og bygging av skip og oljeplattformer, er her ei av dei framveksande næringane på lik line med privat tenesteyting, dog har det vore ein liten nedgang frå 2008 til 2009 på grunn av finanskrisa. Forretningsmessig tenesteyting er på langt nær like stor i Nordhordland som i fylket under eitt, men viser likevel vekst.



Bergen er den regionen med størst andel sysselsette med høgare utdanning, både kort og lang. Nordhordland har ein betydeleg mindre andel sysselsette med høgare utdanning enn Bergen, men ligg berre litt lågare enn til dømes Region Vest (Askøy, Fjell, Sund og Øygarden). Nordhordland skil seg ut som den regionen med størst andel sysselsette med vidaregåande utdanning (om lag 50 %).




Dersom vi ser på dei sysselsette som bur i Nordhordland og som har meir enn 4 års utdanning, ser vi at både Nordhordland og Region Vest har ein stor andel med høgare utdanning innan ingeniørfag, naturvitskap, etc. (41 – 42 %). Region Vest har ein større andel sysselsette med høgare utdanning innan humaniora, samfunnsfag, jus, økonomi og administrasjon som blir etterspurd i forretningsmessig og finansiell tenesteyting.




Bedriftene i undersøkinga blei spurde om det var vanskeleg å rekruttere arbeidskraft. Respondentane fordelar seg nokolunde likt mellom dei som synes det i liten grad er vanskeleg og dei som i stor grad synest det er vanskeleg.

I kva grad er det vanskeleg å rekruttere arbeidskraft til di bedrift?




Av dei som synest dette er vanskeleg (4, 5 eller 6), meiner 76 % at rekrutteringsproblema først og fremst gjeld fagutdanningar, medan 34 % meiner det er vanskeleg å rekruttere tilsette med høgare utdanning. Dette gjeld først og fremst bransjar som industri, bygg og anlegg og handverk. Problema er ikkje like framtrødande i tenesteyting/service.

### Kva gjeld rekrutteringsproblema?



Ein stor overvekt (83 %) meiner det er viktig for bedrifta å rekruttere arbeidskraft frå Nordhordland. Alle bransjane synest dette er viktig, men aller mest bedriftene innan industri og handverk.

### Kor viktig er det for bedrifta di å rekruttere arbeidskraft frå Nordhordland?



Sjølv om Nordhordland har ein større del sysselsette med vidaregåande skule som høgste utdanning, er det til ein viss grad vanskeleg å rekruttere fagutdanna. Det er også ein del bedrifter som finn det vanskeleg å rekruttere personar med høgare utdanning, men rekruttering av fagutdanna er ei større utfordring.

## 4. Korleis fungerer den organisatoriske modellen?

### 4.1 Organisering

Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL) har nedsett fem ulike utval, deriblant Kompetanseutvalet. Leiar for utvalet er dagleg leiar i NHIL, Svein M Nordvik. Utvalet er for øvrig sett saman av rektorane ved dei vidaregåande skulane, rådgjevar i ungdomsskule og representantar for næringslivet.

Det var Kompetanseutvalet som tok initiativ til og konkretiserte prosjektet Kompetanseregionen Nordhordland. Prosjektet er finansiert med midlar frå Hordaland fylkeskommune (300.000 kroner) og Regionrådet i Nordhordland (300.000 kroner). NHIL har ikkje bidratt med midlar. Det følgde heller ikkje med midlar til faget Utdanningsval frå departementet.

Det er etablert ei styringsgruppe for prosjektet på 4 personar. Styringsgruppa består av

- Marianne Haaland – Hordaland Fylkeskommune, Opplæringsavdelinga
- Håkon Matre –leiar Regionrådet Nordhordland
- Dagfinn Namtvedt – næringsdrivande
- Svein M. Nordvik – dagleg leiar, NHIL

Styringsgruppa si hovudoppgåve er å sørge for at prosjektet blir gjennomført i samsvar med prosjektplanen. Styringsgruppa rapporterer til NHIL sitt kompetanseutval.

Styringsgruppa har hatt regelmessige møte i prosjektperioden. I møta rapporterer kompetansekoordinatoren om kva som er status og kva aktivitetar som er planlagd gjennomført inneverande periode. Styringsgruppa har også diskutert vidare finansiering av prosjektet/koordinatorstillinga.

Medlemmane av styringsgruppa er godt nøgd med både innhaldet og frekvensen i tilbakerapporteringa frå kompetansekoordinatoren.

Styringsgruppa har hatt mange diskusjonar, spesielt i starten, om kva som skulle prioriterast. Det har ikkje vore snakk om "tøffe prioriteringar" eller at ein har måtta sagt nei til eit samarbeid, mein meir som ein støtte til kompetansekoordinator i høve til kva rekkjefølgje oppgåvene skulle takast i.

Kompetansekoordinatoren har oppfatta det slik at styringsgruppa skal vete kva som foregår, men at regelen har vore at so lengje ho har kapasitet så gjer ho prioriteringar fortløpande. Styringsgruppa har applaudert, vore positiv og har vidareformidla erfaringar og synspunkt frå sine miljø. Kompetansekoordinatoren har heile tida vore nøye med at dei som finansierer stillinga, dvs. kommunane og fylkeskommunen, og som også er representert i styringsgruppa, får noko igjen for desse pengane ved at dei tiltaka som blir sett i verk er føremålstenlege for dei.

Eit av medlemma meiner likevel at styringsgruppa ikkje har gjort jobben sin godt nok. Styringsgruppa har ikkje vore tydeleg nok i høve til kva som skulle oppnåast i prosjektet.

Eg tenkjer at styringsgruppa skal vere meir som eit styre som skal stake ut ein kurs, og som skal vere ganske klar i forhold til kva ein skal oppnå. Slik har ikkje denne gruppa vore, slik eg har opplevd det (*Medlem av styringsgruppa*).

Spesielt starten var famlande. Styret har ikkje fått ein strategi- eller handlingsplan til handsaming og det ligg difor ikkje føre ein plan som kompetansekoordinatoren kan rapportere med utgangspunkt i. Det er målsettingane i prosjektsøknaden som er lagt til grunn for det vidare arbeidet.

Det blir også peika på at kompetansekoodinatoren har støtta seg meir på andre aktørar enn styringsgruppa, slik som Kompetanseutvalet og dagleg leiar. Arbeidsplanen til kompetansekoodinatoren spring ut frå Kompetanseutvalet. Det er Kompetanseutvalet som tenkjer og jobbar strategisk i høve til kva regionen treng når det gjeld kompetanseutvikling. Sakene kompetansekoodinatoren jobbar med kjem i større grad opp i Kompetanseutvalet, enn i styringsgruppa. Nye idear og tankar blir lansert i dette utvalet og kompetansekoodinatoren kan t.d. bli spurt om dette er noko å "spinne vidare på".

Dagleg leiar har også vore ein viktig støttespelar for kompetansekoodinatoren, først og fremst ved at han har ein annan bakgrunn enn kompetansekoodinator og ser sakene frå bedriftene si side.

## **4.2 Plassering**

Kompetansekoodinatoren har kontor plass hos Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL). Dette blir trekt fram som eit suksesskriterium for heile prosjektet. For det første har det gitt ho ei brei kontakflate. Ho har vore med på medlemsmøte, på strategimøte, årsmøte, årsfestar og turar. På denne måten har ho fått introdusert seg sjølv og prosjektet og knytt kontaktar.

Ho har jo ei unik mulegheit til å treffe folk. Så kan ho gå på kontoret og ringe dei og seie takk for sist. Akkurat det trur eg har hjulpet ho veldig mykje. *(Medlem av styringsgruppa)*

For det andre så har plasseringa letta aksessen til næringslivet. Terskelen inn til bedriftene blir sett på som høgare enn inn til skulane. Prosjektet framstår no som eit prosjekt også for næringslivet, ikkje berre eit skuleprosjekt. Når kompetansekoodinatoren ringjer til bedriftene, så ringjer ho frå NHIL på vegne av skulen. Dette merkar ho gjer ein annan innfallsvinkel slik at det blir lettare å få innpass hos bedriftene.

## **4.3 Tilsettingstilhøve**

Kompetansekoodinatoren har permisjon frå si stilling som rådgjevar ved ei ungdomsskule i Lindås kommune, men er framleis tilsett i Lindås kommune. Kommunen får refundert lønsutgiftene frå Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL). Når prosjektet skal over i ein driftsfase, må tilsettingstilhøvet vurderast på nytt. Alternativa er NHIL og Regionrådet for Nordhordland. At kommunane via Regionrådet er med og finansierer stillinga, talar for at Regionrådet skal vere arbeidsgivar. Behovet for ei tett kopling til bedriftene, talar for NHIL.


## **4.4 Profilerings**

Det er oppretta ei eiga nettside for prosjektet, [www.norkomp.no](http://www.norkomp.no). Her blir det primært informert om gjennomførte aktivitetar.

Nettsidene er ganske godt kjende blant faglærarar, rådgjevarar, kontaktlærar og rektorane ved ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane i regionen. Vel halvparten av alle respondentane ved skulane (52 %) har vore inne på desse nettsidene. Nettsidene er om lag like godt kjende blant respondentane ved ungdomsskulane og ved dei vidaregåande skulane. Dersom vi berre ser på rådgjevarane, så har 90 % vore inne. Av bedriftene er det 29 % som har besøkt nettsida.

Skulane og bedriftene ser om lag like stor nytteverdi i sidene (snitt 4,7 vs 4,6). Det er heller ikkje nokon forskjell mellom ungdomsskule og vidaregåande skule på dette punktet (snitt 4,7). Nettsidene synest lang på veg å tilfredsstille behova for informasjon om kva som skjer i prosjektet.

### Kor nyttig synest du desse sidene er?



71 % av bedriftene kjenner til at det er oppretta ei stilling som kompetansekordinator i Nordhordaland med kontorplass hos Nordhordland Handverk- og Industrilag. 59 % av bedriftene har hatt kontakt med koordinatoren.

Alle skulane har hatt kontakt med kompetansekordinatoren via rådgjevarane. 70 % av respondentane ved skulane seier at dei har hatt slik kontakt.



## 5. Kva tiltak er gjennomført?

Utgangspunktet for kompetanseprosjektet var behovet for koordinering av dei to nye faga Utdanningsval i ungdomsskulen og Prosjekt til fordjuping i vidaregåande skule. I tillegg var det ei heil rekkje andre aktivitetar og tiltak som med fordel kunne sjåast i samanheng med desse to nye faga for å få ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med å fremje kompetanseutvikling i Nordhordland. Ein raud tråd i det heile har vore å styrkje samarbeidet mellom skule og næringsliv.

### 5.1 Utdanningsval

Utdanningsval er eit nytt fag i ungdomsskulen frå og med skuleåret 2008/2009. Føremålet med faget er å bidra til å skape heilskap og samanheng i grunnopplæringa og knyte grunnskule og vidaregåande skule betre saman. Opplæringa skal gi elevane erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar i ulike utdanningsprogram i vidaregåande opplæring og aktuelle yrke. Elevane skal få moglegheit til praktisk aktivitet og fordjuping i fag. Opplæringa i faget skal leggje til rette for at elevane kan få prøve ut og reflektere over vala sine. (Kjelde: Læreplan for utdanningsvalg)

Faget Utdanningsval omfattar 113 klokkeimar fordelt på 8. – 10. trinn.

- 20 % skal brukast til informasjon om arbeidsliv og utdanningsvegar
  - Strukturen i vidaregåande opplæring og innhaldet i utdanningsprogramma
  - Korleis ulike utdannings- og karrierevegar fører fram til ulike yrke
  - Arbeidsmoglegheiter og framtidsutsikter, med anna om lokalt arbeids- og næringsliv
- 60 % skal vere praktisk utprøving. Utprøvinga kan gå føre seg både i skule og arbeidsliv og skal som hovudregel omfatte minst to ulike utdanningsprogram. Kor mykje og korleis blir avgjort lokalt.
- 20 % skal brukast til undervisning før søknad om skuleplass, dvs. kartlegging av og refleksjon over eigne interesser og føresetnader knytt til eiga utdannings- og yrkesval.

Opplæringsavdelinga har laga satsar for kor mykje ungdomsskulane må betale per elev for hospitering i vidaregåande skule. Fram til no har ungdomsskulane måtta betale 100 kroner per elev per dag. Men ikkje alle vidaregåande skulane har tatt seg betalt, dei ser på dette som ein måte å promotere skulen på. Rektorkollegiet har bede Opplæringsavdelinga om å pålegge alle vidaregåande skular å ta betalt for å sikre lik praksis.

Det er ingen sentrale føringar for korleis dette faget skal utformast i praksis utover det som er nemnd ovanfor. Rammene var vide. Den modellen Nordhordland har utvikla er basert på et utprøvningsprosjekt som blei sett i gong i Nordhordland hausten 2007 og som omfatta 200 elevar og 2 vidaregåande skolar.

Modellen har tre ulike bolkar:

1. Undervisning i klassen
2. Hospitering i vidaregåande skule
3. Utplassering i bedrift

#### *Undervisning*

Den teoretiske undervisninga foregår primært på 9. og 10. trinn, men startar på 8. trinn med fokus på interesser og personleg refleksjon hjå den einskilde elev. På oppfordring frå

kompetansekordinatoren har alle ungdomsskulane i regionen kjøpt inn eit undervisningshefte ("Mi framtid") for å ha noko handfast å ta utgangspunkt i. Rådgjevarane kjem inn i klassane og informerer. Før elevane skal hospitere, skal dei gjere seg kjend med utdanningsprogrammet dei har vald.

### *Hospitering*

Kvar elev skal hospitere i to ulike utdanningsprogram. Inntaket til vidaregåande skule er karakterstyrt, slik at søkjarane er ikkje garantert plass på det utdanningsprogrammet dei har som førsteval. Det er derfor viktig å gjere seg kjend med ulike utdanningsprogram. Hospiteringa foregår i to omgangar - to dagar om våren på 9. trinn og to dagar om hausten på 10. trinn.

Eit viktig prinsipp er at elevane skal ha moglegheit til å velje blant alle dei 12 utdanningsprogramma i vidaregåande skule. Dei vidaregåande skulane i Nordhordland tilbyr 8 av 12 utdanningsprogram. For dei fire utdanningsprogramma som mangla, har kompetansekordinatoren oppretta samarbeid med Kongshaug vidaregåande skule (musikk), Fyllingsdalen vidaregåande skule (drama), U Pihl vidaregåande skule (idrett), Akademiet (media og kommunikasjon) og Voss jordbruksskule (naturbruk). Kompetansekordinatoren har vald ut skular som har vore positive og interesserte i eit samarbeid.

Alle elevane må gjere tre val. Målet er at alle skal få oppfylt førstevalet sitt. Ifølgje kompetansekordinatoren har skulane strekt seg svært langt for å få dette til.

Dei utdanningsprogramma som Osterøy vidaregåande skule sjølv har tilbod om, ordnar dei med hospitering for elevane lokalt på eiga hand. Dei elevane som ønskjer å hospitere i andre utdanningsprogram, blir tatt hand om av kompetansekordinatoren.

Rådgjevarane ved ungdomsskulane har berre kontakt med kompetansekordinatoren. Rådgjevarane sender skjema med elevane sine ønske til kompetansekordinatoren. Då har kompetansekordinatoren 6-7 veker på å handtere informasjonsutvekslinga mellom ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane. Dei vidaregåande skulane veit når tid elevane kjem, men skulane må likevel vere fleksible, for dei veit ikkje kor mange elevar som kjem før fristen har gått ut.

Det er dei vidaregåande skulane sjølve som er ansvarleg for å utarbeide eit opplegg for hospiteringa. Det er difor store skilnader mellom skulane og mellom utdanningsprogramma. Kompetansekordinatoren sitt råd har vore at opplegget for hospiteringa må spegle utdanningsvalet, det må kome fram kva fagområde elevane bør vere interessert i og vise breidda, ikkje berre dei kjekke tinga.


### *Utplassering i bedrift*

Den gamle arbeidsveka blir no kalla yrkespraksis. I staden for 5 dagar, får elevane tre dagar ute i ein bedrift, men der det skal vere ein samheng mellom hospitering i vidaregåande skule og yrkespraksis. Det er rådgjevar som skal hjelpe til med at eleven får kome i ein bedrift som representerer noko innafor det utdanningsprogrammet dei har hospitert i.

Rådgjevarane ved ungdomsskulane melder inn til kompetansekordinatoren når på året elevane skal ut i yrkespraksis. Kompetansekordinatoren lagar ein oversikt over dette og fôrar skulane med opplysningar om aktuelle bedrifter, kontaktpersonar, telefonnummer, etc. Det er rådgjevar som ringjer ut til bedriftene og gjer avtale om utplassering. Kompetansekordinatoren har på førehand informert og motivert bedriftene til å ta i mot elevar i yrkespraksis.

### Vurdering

Målsettinga i prosjektet har vore at alle elevane skulle få oppfylt førsteønsket sitt, først og fremst for hospitering, men også for yrkespraksis. Figuren nedanfor viser at 92 % av elevane har fått oppfylt førsteønsket sitt for hospitering både i utdanningsprogram 1 og 2. Ein noko mindre del, 78 %, har fått oppfylt førsteønsket sitt for yrkespraksis i bedrift. Dette er likevel ein svært høg andel tatt i betraktning at yrkespraksisen skal vere i samsvar med utdanningsprogramma dei hospiterte i.



Jamt over synest skulane at faget Utdanningsval har fungert bra. Det dei synest har fungert best er utplassering i bedrift (4,7), deretter følgjer undervisning i klassen (4,6) og hospitering i vidaregåande skule (4,4).


Rådgivarane meiner derimot at hospitering i vidaregåande skule er den delen som har fungert best (5,0).



Leiing og pedagogisk personale ved dei vidaregåande skulane har berre uttalt seg om hospitering i vidaregåande skule. Dersom vi ser på ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane kvar for seg, er snittet høvesvis 4,6 og 4,2. Ungdomsskulane er med andre ord meir nøgde med korleis hospiteringsdelen har fungert enn det dei vidaregåande skulane er, noko som kan skuldast at det er dei vidaregåande skulane som tek i mot elevane og som må utarbeide eit opplegg og leggje til rette for elevane.

Kompetansekordinatoren har ikkje vore involvert i undervisningsdelen i klassane. Denne delen handterer ungdomsskulane på eiga hand. Kompetansekordinatoren har konsentrert seg om koordineringsoppgåver knytt til hospitering i vidaregåande skule og utplassering i bedrift. Alle rådgivarane i utvalet oppgir at kompetansekordinatoren har vore involvert i hospiteringsdelen, medan 8 av 19 rådgivarar i ungdomsskulen seier at kompetansekordinatoren har vore involvert i utplassering av elevane i bedrift. Dette kan skuldast at mykje av det arbeidet kompetansekordinatoren har gjort er, slik som å informere og motivere bedriftene, er skjult for rådgjevarane. Rådgjevarane må framleis sjølv ringje til bedriftene og avtale yrkespraksis for elevane, men kompetansekordinatoren har reda grunnen for dei.

I kva grad har kompetansekordinatoren bidratt til å gjere dette arbeidet:



At kompetansekordinatoren har vore involvert i dette faget har gitt positiv effekt både for hospitering i vidaregåande skule og utplassering i bedrift. Fleirtalet av dei spurde meiner at kompetansekordinatoren har bidratt til at desse to oppgåvene både har blitt enklare å gjennomføre og at dei er blitt betre gjennomført. Størst positiv effekt meiner dei at det har hatt på hospiteringsdelen (5,3 og 5,4). Rådgjevarane er enno meir positive med eit snitt på 5,7 og 5,8.

Minst effekt har det hatt på utplassering i bedrift. Her er det fleire som meiner at kompetansekordinatoren har bidratt til gjere utplassering av elevar i bedrift betre (4,4), enn det er som meiner at det er blitt enklare (4,0). Dette kan skuldast at skulane framleis må bruke tid på dette, men resultatet er blitt betre.

Når det gjeld hospitering i vidaregåande skule, er det signifikante forskjellar mellom respondentane ved ungdomsskulane og ved dei vidaregåande skulane. Ungdomsskulane synest i betydeleg større grad at dette arbeidet er blitt enklare og betre (5,8 og 5,7), enn det dei vidaregåande skulane synest (4,9 og 4,9). Den innsatsen kompetansekoodinatoren har lagt ned, kjem med andre ord ungdomsskulane til gode i større grad enn dei vidaregåande skulane.

Kompetansekoodinatoren har vore involvert i Utdanningsval heilt frå starten av. Skulane har difor ikkje noko samanlikningsgrunnlag når dei skal svare på desse spørsmåla, dvs. korleis det ville ha vore utan at kompetansekoodinatoren hadde drive eit koordinerande arbeid på dette feltet. Ein må likevel anta at respondentane kan tenkje seg til korleis dette ville ha vore og kva for utfordringar det ville ha medført. Svara må difor kunne seiast å vere ein god indikasjon på kor stor effekten av kompetansekoodinatoren sitt arbeid har vore.

Hovudinstrykket er at faget utdanningsval har fungert svært godt i Nordhordland og at kompetansekoodinatoren sitt arbeid har ført til eit enklare og betre opplegg. Det er svært positivt at så mange av elevane får oppfylt førsteønsket sitt.

## **5.2 Prosjekt til fordjuping**

Prosjekt til fordjuping er eit nytt fag i vidaregåande skule og kom om lag samtidig som Utdanningsval i ungdomsskulen. Elevane får her arbeidstrening i bedrift. På denne måten får elevane meir kunnskap om innhaldet i den jobben som utdanninga er retta inn mot og dei får presentere seg sjølv for bedrifta med tanke på å få ein lærlingplass på eit seinare tidspunkt.

Kompetansekoodinatoren har engasjert seg lite i dette arbeidet frå starten av. Dei vidaregåande skulane har handtert dette faget sjølve. Etter kvart har det blitt synleg at det også er behov for koordinering på dette feltet. Kompetansekoodinatoren hjelper no til ved behov "slik at ting kan gli lettare".

## **5.3 Vidareutvikling av etablerte aktivitetar**

### **5.3.1 Type aktivitetar**

*Den regionale yrkes- og utdanningsmesse (YOU):*

Kompetansekoodinatoren har fått ansvaret for å gjennomføre den regionale yrkes- og utdanningsmessa i Knarvik. Dette var ein av primæroppgåvene som blei lagt til koordinatorstillinga. Messa er eit samarbeid mellom ungdomsskulane i regionen, Regionrådet Nordhordland IKS, Nordhordland Handverk- og Industrilag og Opplæringskontoret for Nordhordland.

Osterøy har ei tilsvarande messe for sin region. Denne messa har kompetanskoordinatoreren ikkje vore involvert i.

På messa deltek vidaregåande skolar, opplæringskontor, bedrifter og kommunar i Nordhordland. Målgruppa er 9. klassingar, 10. klassingar og vg1-elevar i Nordhordland. Føremålet med messa er å gi god informasjon og rettleiing til elevane for å sikre at dei gjer dei rette vala dei står framfor. At Vg1-elevar vart inviterte, var nytt frå og med 2010. Føremålet er at dei skal få kontakt med opplæringskontor, kommunar og lokale bedrifter for eventuell framtidig læreplass.

Då kompetansekoodinatoren overtok ansvaret for messa, var det ei uttrykt målsetting at messa skulle ha 60 stands. Dei to siste åra har messa hatt 62 stands påmeld, noko som oppfyller målsettinga og vel so det.

Utdanningsmessa blir arrangert om hausten, veka etter at 10.klassingane i ungdomsskulane har hospitert i vidaregåande skule for andre gong. Dette er ikkje tilfeldig. Føremålet er at elevane skal møte igjen lærarane på vidaregåande skule, når dei kjem til utdanningsmessa. Dette er eit døme på at kompetansekoodinatoren kan sjå dei ulike tiltaka og arrangementa i samanheng, noko som kan gje ein meirverdi til arbeidet med kompetanseutviklinga totalt.

Eit anna døme på at ting heng saman er den regionale utdanningsavisa. Den blei til i eit samarbeid mellom kompetansekoodinatoren, Opplæringskontoret Nordhordland og dei vidaregåande skulane. Avisa kjem ut som eit vedlegg til ein av lokalavisa Strilen i forkant av utdanningsmessa.

Kompetansekoodinatoren bruker mykje tid på utdanningsmessa, men ikkje på langt nær så mykje som i starten. Dette skuldast at det er innarbeidd betre rutinar, fristar og kontakten med bedriftene er blitt betre.

### *Rådgjevarsamlingar*

Rådgjevarane er primærkontaktane til kompetansekoodinatoren. Kompetansekoodinatoren har revitalisert rådgjevarsamlingane. Føremålet med samlingane er å skape kontakt mellom rådgjevarane og mellom rådgjevarane og bedriftene. Samlingane blir lagt til ein eller fleire kommunar i Nordhordland. Rådgjevarane får informasjon om utdanningsprogram, formidling av lærlingar og eventuelle andre tiltak som er på gong. På kvar samling er det også lagt inn 2-3 bedriftsbesøk for at rådgjevarane skal få betre kjennskap til næringslivet i Nordhordland. Kompetansekoodinatoren ringer rundt til medlemsbedriftene med spørsmål om å få kome på besøk. Fram til no har alle bedriftene som ho har kontakta, vore positive. Føremålet med samlingane er å skape kontakt mellom rådgjevarane og mellom rådgjevarane og bedriftene.

### *Skulekonkurransar*

Kompetansekoodinatoren har teke fatt i skulekonkurransar innanfor yrkesfag i vidaregåande skule. Det er sett ned grupper med faglærarar som har jobba i lag om oppgåver innanfor CNC, elektrofag, sveising og industrimekanikarfaget. Det er blitt arrangert både lokale meisterskap (på skulane) og finale for heile Nordhordland<sup>2</sup>. Finalen blir arrangert ute i ei bedrift. Dommarane kjem frå bedrifta, ingen lærarar er involvert i vurderinga. Vinnarane frå CNC og sveising deltok på yrkes-NM på Lillehammer hausten 2010. Her vann Nordhordland i CNC.

Elevane får presentere seg for framtidige arbeidsgjevarar og bedriftene får sjå dei beste. Føremålet er også at konkurransane skal bidra til å heve interessa for faget og skape yrkesstoltheit.

### *Fagdagar*

Kompetansekoodinatoren arrangerer fagdagar for lærarar i vidaregåande skule. Dette blir gjort for faglærarar i elektro, TIP og CNC. Ønskje om slike fagdagar kom opp i samband med skulekonkurransane. Det blei difor arrangert fagdagar i dei same faga som for skulekonkurransane. Føremålet er at lærarane skal få sjå kva som rører seg innanfor produksjonen i sitt fag og at bedriftene kan få uttrykkje kva dei ønskjer at elevane skal vere betre på når dei kjem ut av skulen og skal starte som lærlingar. Dette er med på å auke dialogen mellom skule og bedriftene.

---

<sup>2</sup> I nokre av konkurransane har også lærlingar og yngre fagarbeidarar vore med, men har ikkje konkurrert mot elevane. Denne konkurransen er blitt køyrd parallelt ute i bedriftene og har vore eit samarbeid med Opplæringskontoret Nordhordland og bedriftene.

Samlingane blir lagt til ei bedrift. Det har vore mellom 25-30 deltakarar frå skular og bedrifter på fagdagane.

Det er lagt vekt på at fagdagane skal vere eit tilbod til alle dei tre vidaregåande skulane i regionen. Det er soleis ei utfordring at ikkje dei vidaregåande skulane underviser i dei same utdanningsprogramma. Men desse tre faga er det eit tilbod om ved alle dei tre skulane.

#### *Bedriftsbesøk*

I tillegg til lærarane er det også mange klassar som ønskjer å besøkje ein bedrift i regionen, spesielt Statoil Mongstad. Statoil Mongstad har tidlegare teke imot klassar primært frå Lindås og Austrheim. Kompetansekoodinatoreen blei førespurt om å arrangere slike elevbesøk for heile distriktet. Statoil Mongstad opplyste kva datoar som passa, og kompetansekoodinatoreen koordinerte dette opplegget slik at alle 10.-klassingane ved dei 18 ungdomsskulane i distriktet fekk besøkje bedrifta. Drivkrafta for å ta på seg denne oppgåva, var at alle ungdommane i distriktet skulle få same tilbodet.

#### *Grundercamp / Ungt entreprenørskap*

Kompetansekoodinatoreen samarbeider med Ungt entreprenørskap på fleire felt, elevbedrift i ungdomsskulen og ungdomsbedrift på vidaregåande skule. Nytt av året er eit program på 4. trinn i barneskulen, "Vårt lokalsamfunn", kor elevane skal få innsikt i tema som kva er eit lokalsamfunn, kva yrke finst i lokalsamfunnet, lønn, skatt, etc. Målet med å setje inn tiltak på alle trinn i utdanninga, er at elevane skal lære seg entreprenørskap, slik at fleire vel å etablere si eiga bedrift.

Det blei også arrangert ein grundercamp i Nordhordland i 2009. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Ungt Entreprenørskap Hordaland, Handverk og Industrilaget i Nordhordland v/ kompetansekoodinatoreen og dei vidaregåande skulane i regionen. Om lag 150 elevar frå 3 vidaregåande skolar deltok. Elevane fekk oppgåver dei skulle løyse. Vinnarane gjekk vidare til den nasjonale grundercampen i Trondheim same året.

#### *Utplassering av lærlingar*

Kompetansekoodinatoreen har ikkje vore involvert i utplassering av lærlingar. Dette er det Opplæringskontoret i Nordhordland som har ansvaret for. Kompetansekoodinatoreen er Opplæringskontoret sin link til skulane, kontoret bruker koodinatoreen til å få kontakt med skolane. Kompetansekoodinatoreen informerer om Opplæringskontoret i sin kontakt med både bedrifter og skoler og henviser vidare til Opplæringskontoret.


### **5.3.2 Skulane**

Ungdomsskulane har først og fremst hatt kontakt med kompetansekoodinatoreen i samband med besøk på utdanningsmessa, rådgjevarsamlingar og entreprenørskapsarbeid. Dei vidaregåande skulane har hatt mest kontakt med kompetansekoodinatoreen i samband med skulekonkurransar, besøk og utstilling på utdanningsmessa og grundercamp. Men dei vidaregåande skulane seier også at dei har hatt slik kontakt i samband med rådgjevarsamlingar, entreprenørskapsarbeid og utplassering av lærlingar.

At kompetansekoodinatoreen har vore involvert i desse aktivitetane har i stor grad hatt positiv effekt både i høve til at arbeidet har blitt enklare og at det har blitt betre. På ein skala frå 1-6 er gjennomsnittskåren over 5 på alle aktivitetane med unntak av Utplassering av lærlingar. Størst effekt har kompetansekoodinatoreen si deltaking hatt på skulane sine opplegg kring besøk på utdanningsmesse, rådgjevarsamlingar og skulekonkurransar.

Sjølv om kompetansekoodinatoreen ikkje har noko med utplassering av lærlingar å gjere, meiner skulane at kontakten med henne likevel har gjort dette arbeidet enklare og betre. Ei forklaring kan

vere at skulane har fått betre kontakt med bedriftene gjennom dei tiltaka kompetansekoordinatoren har vore involvert i, og at dette har gitt ringverknader på andre område, som til dømes utplassering av lærlingar. Effekten vil naturleg nok ikkje være like stor som på dei tiltaka kompetansekoordinatoren faktisk har vore inne i.




Det er rådjevarane som er mest nøgde med kompetansekoordinatoren sine bidrag i høve til besøk på utdanningsmesser og rådjevarsamlingar, medan det er avdelingsleiarane som er mest nøgde når det gjeld skulekonkurransar og grundercamp.

### 5.3.3 Bedriftene

75 av 93 bedrifter har hatt eit samarbeid med skulane i regionen i ein eller anna form. Størt del har hatt ungdomsskuleelevar utplassert i yrkespraksis (61 %), deretter lærlingar (57 %) og elevar i vidaregåande skule i arbeidstrening (55 %). 46 % av bedriftene har delteke på utdanningsmessa i Knarvik og 39 % har hatt bedriftsbesøk for elevar. Ein mindre del av bedriftene har også hatt bedriftsbesøk for lærarar, vore med og arrangert skulekonkurransar og delteke på Grundercamp. Dette er type aktivitetar som ikkje involverer so mange bedrifter.





Kompetansekoodinatoren jobbar ulikt i høve til bedriftene, nokon gongar tek ho initiativ til aktivitetar og trekkjer seg deretter ut, andre gongar deltek ho i gjennomføringa av allereie etablerte samarbeidsaktivitetar mellom skule og bedrift for å forbetre innhald eller rutinar eller ho gjer begge delar.

Figuren ovanfor viser at kompetansekoodinatoren har vore aktiv i å dra i gong nye aktivitetar i dei ulike bedriftene. Nesten 70 % av bedriftene seier at koodinatoren har teke initiativ til besøk for lærarar/rådgjevarar i deira bedrift. Ein like stor del seier at koodinatoren har vore involvert i gjennomføringa av denne aktiviteten. Dette er eit tiltak som krev at kompetansekoodinatoren er med i heile prosessen.


48 % av bedriftene seier at koodinatoren har teke initiativ til bedriftsbesøk for elevar, medan 60 % av bedriftene seier at koodinatoren har vore involvert i gjennomføringa av slike bedriftsbesøk. Dette kan tyde på at bedriftsbesøk for elevar er eit meir innarbeidd tiltak som kompetansekoodinatoren i større grad koodinerer.

Kompetansekoodinatoren har også i stor grad teke initiativ til at ungdomsskuleelevar blir utplassert i yrkespraksis, men har i mindre grad vore involvert i sjølve gjennomføringa. Dette er eit ledd i faget Utdanningsval, der rådgjevar tek kontakt med bedriftene med spørsmål om utplassering av elevar, men der kompetansekoodinatoren har drive eit tilretteleggjande arbeid for å motivere bedriftene til å ta i mot elevar. Same mønsteret finn vi for utplassering av vidaregåande skule i arbeidstrening.

Utdanningsmessa i Knarvik er eit veletablert tiltak som mange bedrifter i Nordhordland har delteke på. Likevel har kompetansekoodinatoren teke initiativ til å få fleire bedrifter med på dette tiltaket og har også vore involvert i gjennomføringa.

Det tiltaket som bedriftene har hatt minst kontakt med kompetansekoodinatoren på er utplassering av lærlingar i bedrifta.

Kva kompetansekoordinatoren har vore initiativtakar til/involvert i:



## 5.4 Nye aktivitetar

I utgangspunktet hadde kompetansekoordinatoren eit fåtal, konkrete oppgåver, men etter kvart har det blitt fleire og fleire oppgåver, der ei oppgåve har utløyst nye oppgåver. Når det kjem opp oppgåver som gjeld heile distriktet, blir det sett på som naturleg at kompetansekoordinatoren tek seg av dei.

Eit av dei områda kompetanseutvalet i Nordhordland Handverk- og Industrilag har hatt fokus på er realfag. Dette har resultert i eit samarbeid med Høgskulen i Bergen, ingeniørutdanninga. Etter inspirasjon frå prosjektet ENTER, der 10.-klassingar frå to ungdomsskular i Bergen har fått undervisning i matematikk ved ingeniørhøgskulen, med eigen mentor, har 10.-klassingar i Nordhordland no fått matematikkundervisning ved Knarvik vidaregåande skule av ingeniørstudentar frå Høgskulen i Bergen.

Kompetansekoordinatoren har også koordinert deltakinga frå Nordhordland på Teknologidagen i Bergen 2011<sup>3</sup>, der vg1-elevar i Nordhordland med teoretisk matematikk og ungdomskuleelevar som ønskjer å gå i den retninga, blir blanda saman med elevar frå heile fylket. Her blir det vist kva utdanningsveggar som finst og kva jobbar som utdanningane kvalifiserer for.

Formidlinga av VOX-midlar, dvs. midlar til vaksenopplæring, har kompetansekoordinatoren også vore med om. 105 tilsette frå ulike bedrifter har vore med på kurs. Oppdraget blei gitt til Austrheim og Knarvik vidaregåande skule.

Det er også sett i gong eit prosjekt for å hindre fråfall frå vidaregåande skule. Initiativet kom først frå NAV i Austrheim, som ønskte å få desse ungdommane ut i arbeidsrelasjonar, "ungdom som ligg

<sup>3</sup> Teknologidagen i Bergen blir arrangert av Høgskolen i Bergen, Avdeling for ingeniørutdanning.

heime og søv bokstaveleg talt". Kompetansekoordinatoren har her brukt nettverket sitt og gitt NAV opplysningar om bedrifter som ho meiner kunne vere aktuelle for å ta i mot desse ungdommane. Per i dag er det om lag 30 ungdommar i Nordhordland som er i arbeidspraksis. Fokuset er på ungdom som ein ressurs, ikkje som eit problem. At kompetansekoordinatoren involverer seg i dette, er nettopp fordi bedriftene trengjer arbeidskraft.

I kjølevatnet av dette er det danna eit ungdomsnettverk med Opplæringskontoret, BUP, rådgivarar på vidaregåande skule, elevinspektørane og Oppfølgingstenesta i Åsane. Nettverket har førebels hatt tre samlingar. Føremålet er at dei ulike etatane og sakshandsamarane skal bli kjende md kvarandre og vete kva dei andre arbeider med. På denne måten kan dei ta kontakt med kvarandre når dei sjølv ikkje har verkemidlar for å hjelpe ungdommane som kjem til dei.

Kompetansekoordinatoren har også sett ulike partar i kontakt med kvarandre der ho ser det er eit potensiale for samarbeid, t.d. ein bedrift med stor verkstad i Meland kommune og Meland ungdomsskule. Det er no starta opp eit samarbeid som gjør at elevar som er flinke praktiske og som skulle ha hatt eit anna tilbod, får arbeidstrening i bedrifta, men kompetansekoordinatoren har ikkje vore involvert sjølve.

## 6 Er elevane betre rusta til å gjere sine utdanningsval?

Mykje av aktiviteten i prosjekta har vore retta inn mot at elevane i ungdomsskulane skal gjere dei rette vala ved overgangen til vidaregåande skule. Kor stor nytte har elevane hatt av desse tiltaka? Har det ført til færre omval? Vel elevane utdanningar som bedriftene i regionen etterspør?

### 6.1 Kor stor nytte har elevane hatt av tiltak knytt til karriereplanlegging?

Elevane har hovudsakleg fått hjelp til karriereplanlegging gjennom:

- Faget Utdanningsval
  - Undervisning i klassen
  - Hospitering i vidaregåande skule
  - Yrkespraksis i bedrift
- Yrkesmesse
- Individuelle rettleiing hjå rådgjevar på skulen

Dette er tiltak som alle elevane får tilbod om og som storparten har nytta seg av. Både Utdanningaval og Yrkesmesse er tilbod som alle elevane i utgangspunktet skal delta på, medan rettleiing frå rådgjevar er individbasert som elevane sjølv må oppsøkje. Likevel seier 89 % av elevane at dei har fått slik rettleiing frå rådgjevar.

Elevane vart spurde om i kva grad dei synest desse tiltaka har vore til hjelp når dei skulle søkje vidaregåande skule.




I snitt meiner dei at Hospitering i vidaregåande skule har vore mest nyttig (4,6). Deretter følgjer Rettleiing frå rådgjevar (4,5) og Utplassering i bedrift (4,2). Yrkesmessa har også vore nyttig for storparten av elevane (3,9), men den direkte kontakten med rådgjevar og den individuelle rettleiinga dei får der, ser ut til å ha vere meir nyttig for elevane enn yrkesmessa. Minst nytteverdi har tiltaket Undervisning i klassen hatt (3,6).

Når det gjeld yrkespraksis i bedrift er det signifikante forskjellar mellom dei elevane som har vald yrkesrelaterte utdanningsprogram og dei som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram. Dei som har vald yrkesrelaterte utdanningsprogram er i snitt meir nøgd (4,4) enn dei som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram (4,0). Men elevar som har vald studiespesialiserande har likevel hatt god nytte av yrkespraksisen.


Samstundes er det viktig å peike på at det som flest elevar lyttar mest til når dei skal søkje vidaregåande skule, er foreldre og anna familie. 42 % av elevane seier at dei lytta mest til foreldre/familie. 20 % har svara "anna". Den største delen av desse oppgir at dei lytta mest til seg sjølv. På tredje plass kjem rådgjevar ved skulen (14 %). Det er difor også viktig å få foreldra i tale, ikkje berre rådgivarane, for å informere dei om kva tilbod og yrkesmoglegheiter som finst.

**Kven lytta du mest til då du skulle søkje vidaregåande skole?**



60 % av lærarane har inntrykk av at elevane i større grad vel høveleg utdanning etter at faget blei innført i ungdomsskulen. Det er ein mindre del av respondentane ved dei vidaregåande skulane som har dette inntrykket (50 %) enn ved ungdomsskulane (69 %). Delen som ikkje er sikker er klart størst ved dei vidaregåande skulane.

**Har du inntrykk av at elevane i større eller mindre grad vel høveleg utdanning etter at Utdanningsval blei innført i ungdomsskolen?**



Utviklinga i tal bytte av utdanningsprogram vil kunne gje ein indikasjon på om faget Utdanningsval har hatt ein positiv effekt ved at elevane i større grad vel ei høveleg utdanning. Fram til og med skuleåret 2009/2010 har skulane registrert tal skulebytte. I dette ligg det både tal bytte av skule og tal bytte av utdanningsprogram. Det har vore ein monaleg auke i tal skulebytte både i Nordhordland og i fylket under eitt frå skuleåret 2008/2009 til 2009/2010. Opplæringsavdelinga forklarer auken med at det i denne perioden blei sett meir fokus på dette temaet slik at fråfall no blir registrert meir systematisk enn før.

Først frå 2010/2011 blei altså tal bytte av utdanningsprogram registrerte som ein eigen storleik. Det er difor ikkje mogleg å sjå utviklinga over tid når det gjeld bytte av utdanningsprogram. Vi vil likevel tilrå at ein følgjer med på desse tala framover. Det første kullet som vil ha full effekt av faget Utdanningsval, dvs. at dei har fått eit tilbod på alle tre trinna i ungdomsskolen, er dei som startar vidaregåande utdanning hausten 2011.

## **6.2 Vel elevane utdanningar som bedriftene etterspør?**


### *Skule og utdanningsprogram*

Ein føresetnad for å gjere riktige val, er å ha kunnskap om arbeidsmarknaden og kva utdanning som fører til ulike jobbar. I faget Utdanningsval er det også eit mål at elevane skal bli kjende med kva bedriftene i heimregionen er ute etter. Elevane skårar middels på dette spørsmålet, dvs. at det er om lag like stor del som seier at dei veit kva bedriftene etterspør av kompetanse som dei som seier at dei ikkje veit det (3,6 i snitt). Det er likevel ein signifikant skilnad mellom dei som har vald studiespesialiserande og yrkesrelaterte utdanningsprogram på dette punktet, der dei som har vald studiespesialiserande har mindre kunnskap om dette (3,4) enn dei som har vald yrkesrelaterte utdanningsprogram (3,8).

At det er for få typar jobbar å velje mellom i regionen, er også ein påstand som elevane i ulik grad er einige i (3,4 i snitt). Det er berre ein liten del som er sterkt ueinig eller heilt einig, dei fleste ligg kring midten. Likevel er det fleire som meiner at det er for få type jobbar å velje mellom i heimregionen enn det er som meiner at det er gode nok valmoglegheiter.

Alle elevane i 10. klasse som har svart på undersøkinga, med unnatak av ein elev, har søkt vidaregåande skule neste år. Om lag 79 % av elevane i Nordhordland har søkt skule i Nordhordland, fordelt på Knarvik vidaregåande skule (62 %) og Austrheim vidaregåande skule (17 %). 21 % har søkt seg ut av regionen, dette utgjør 89 elevar. I Osterøy har om lag halvparten av elevane søkt skulen i sin eigen region, medan 30 % har søkt vidaregåande skule i Bergen.

1. mars gjekk frista ut for å søkje vidaregåande skule for skuleåret 2011/12. Kva vidaregåande skule har du søkt (førstevalet)?



Den mest vanlege grunnen for elevar i Nordhordland til å søkje vidaregåande skule utanfor heimregionen, er at ingen av skulane i Nordhordland har det utdanningsprogrammet elevane helst ønskjer å ta (7 %). Etter det er det "Eg har lyst til å flytte vekk", som er den mest vanlege grunnen (5 %).

39 % av elevane i Nordhordland/Osterøy har vald studiespesialiserande utdanningsprogram, inkludert formgjevingsfag, media, musikk og idrett, medan 61 % har vald yrkesrelaterte utdanningsprogram (sjå figur nedanfor). Blant dei studiespesialiserande utdanningsprogramma, står studiespesialiserande for 28 % av elevmassen. Blant dei yrkesrelaterte utdanningsprogramma er det Teknisk og industriell produksjon (TIP) som er mest populært (24 %). Berre TIP står med andre ord for ein nesten like stor andel som studiespesialiserande (28 %). Etter TIP er det Helse og sosialfag (13 %), Elektrofag (9 %) og Bygg og anleggsteknikk (6 %) som flest har vald.


Desse tala avviker betydeleg frå søkjartala for heile fylket under eitt. 53 % av elevane i Hordaland har søkt studiespesialiserande utdanningsprogram, mot 39 % av elevane i Nordhordland/Osterøy. Også her er Teknisk og industriell produksjon (TIP), Helse og sosialfag, elektrofag og Bygg – og anleggsteknikk dei mest populære av dei yrkesrelaterte utdanningsprogramma. Men medan TIP hadde 24 % av søkjarane i Nordhordland/Osterøy, hadde dette utdanningsprogrammet berre 10 % av

søkjarane i heile fylket. Nordhordland/Osterøy har med andre ord ein mykje mindre andel søkjarar til studiespesialiserande utdanningsprogram, men ein langt større andel søkjarar til TIP.



Kjønnsfordelinga blant søkjarane til dei fem mest populære utdanningsprogramma kjem fram av figuren nedanfor. Elektrofag og Bygg og anleggsteknikk er dei mest kjønnssegregerte utdanningsprogramma, med vel 90 % gutar. Helse og sosialfag er sameleis eit typisk jentefag, med 87 % jenter. Søkjarane til dei to mest populære utdanningsprogramma, studiespesialiserande og TIP, er dominert av høvesvis jenter (61 %) og gutar (69 %). Det er likevel verd å leggje merkje til at 31 % av søkjarane til TIP i Nordhordland/Osterøy er jenter.






Elevane vart spurde om kva som var viktigast når dei søkte vidaregåande skule – sjølv skulen eller utdanningsprogram. Heile 57 % svarar at begge deler er like viktig. Det er ein større del som svarar at utdanningsprogram er det viktigaste (28 %) enn som svarar at skulen er det viktigaste (7%). Det betyr at det er svært viktig at regionen har dei utdanningsprogramma som kvalifiserer for jobbar som ikkje berre er etterspurde i regionen, men som også ein ønskjer skal vere ein del av det totale jobbtilbodet.

#### *Høgare utdanning*


36 % av ungdomsskuleelevane seier at det er svært sannsynleg at dei vil ta høgare utdanning etter fullført vidaregåande skule (sjå figur nedanfor). På den andre sida er det 7 % som oppgir at det er svært usannsynleg at dei vil ta høgare utdanning. I gjennomsnitt svarar dei 4,5 på dette spørsmålet. Det er med andre ord ein klår overvekt av elevar som ser det som sannsynleg at dei vil ta høgare utdanning.

Dei som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram svarer 5,5 i snitt på dette spørsmålet, dvs. nesten alle desse elevane ser det som sannsynleg at dei vil ta høgare utdanning, men også ein overvekt av dei som har vald yrkesrelaterede utdaningsprogram, ser for seg at dei vil ta høgare utdanning (3,9).

**Kor sannsynleg vil du seie det er at du vil ta høgare utdanning etter fullført vidaregåande skole?**



**Kva type høgare utdanning har du i så fall mest lyst til å ta?**



Når det gjeld kva fagfelt dei ønskjer å ta høgare utdanning i, seier 31 % av elevane at dei ønskjer å ta høgare utdanning innafor ingeniørfag/naturvitenskap/primærnæringsfag/samferdsel/sikkerheitsfag etc. 30 % har ikkje bestemt seg enno


Ingeniørfag, naturvitskap, etc. er den mest populære studieretninga blant gutane med tanke på vidare studiar. Nesten halvparten av gutane som ser det som sannsynleg at dei vil ta høgare utdanning, har lyst til å gå denne vegen (46 %). 16 % av jentene seier det same. Blant jentene er det helse- og sosialfag som flest ønskjer å studere vidare (21 %), men det er ein mykje større spreing

blant jentene enn blant gutane. Både blant jentene og gutane er det ein tredel som ikkje har bestemt seg enno.

### *Jobb i heimregionen*


Det er ein stor overvekt av ungdomskuleelevane som trur at dei kan få jobb i heimregionen med den utdanninga dei har tenkt å ta. Den største delen, 30 %, svarer at dei trur det er svært sannsynleg. I gjennomsnitt svarer elevane 4,6 på dette spørsmålet. Det er ingen signifikante forskjellar mellom dei som har vald studiespesialiserte og yrkesrelaterte utdanningsprogram på dette punktet.

**Trur du at du kan få jobb i Nordhordland/Osterøy med den utdanninga du har tenkt å ta?**



Sjølv om dei fleste elevane meiner det er sannsynleg at dei kan få jobb i heimregionen med den utdanninga dei har tenkt å ta, er det ikkje like mange som meiner at nettopp dette er viktig når dei skal velje utdanning (3,2). Dei to faktorane som tel mest når dei skal velje utdanning er at dei får brukt evnene sine (5,3) og at dei kan få ein godt betalt jobb (4,9). Berre det at utdanninga er kort får ein lågare skåre enn det at dei kan få jobb i heimregionen, sjå figur under.

### Kor viktig er følgjande når du skal velje utdanning:



Det spørsmålet der det er størst skilnader mellom dei som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram og yrkesrelaterte utdanningsprogram, er kor viktig det er at dei kan få jobb i heimregionen/Nordhordland. Dette er mindre viktig for alle elevane men aller minst viktig for dei som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram, 2,8 i snitt, mot 3,4 i snitt for dei som har vald yrkesrelaterte utdanningsprogram. Dei som har vald studiespesialiserande synest også det å kunne bu heime og det at utdanninga er kort er mindre viktig enn det dei som har vald yrkesfaglege utdanningsprogram gjer.

Dersom vi ser på korleis jentene og gutane har svart, er det signifikante forskjellar på to spørsmål; At utdanninga er kort og At eg kan bu heime under utdanninga. På begge desse variablane er det gutane som synest det er mest viktig.


Det kan synest som eit paradoks at samstundes som elevane ikkje legg vekt på at utdanninga dei vel skal kvalifisere for jobb i heimregionen, så har likevel eit stor fleirtal av elevane vald utdanningar som nettopp bedriftene i heimregionen etterspør. Det kan tyde på at moglegheitene for jobb i heimregionen ikkje ligg langt framme i bevisstheita deira, men at dei samstundes blir påverka av den informasjonen dei får.

#### *Identitet og tilhøyr*

Til sist i undersøkinga vart elevane bedne om å stilling til ei rekkje påstandar knytt til heimregionen. Påstandane "Eg er stolt over å komme frå Nordhordland/Osterøy" og "Eg kjenner at eg høyrer til i Nordhordland" får høg skåre (4,4 og 4,2 i gjennomsnitt). Ungdomsskuleelevane må kunne seiast å ha ein sterk lokal identitet og tilhøyr. Sjølv om dei ikkje legg nemneverdig vekt på at dei kan få jobb i heimregionen når dei vel utdanning, så kan det likevel tenkjast at dei vil vende tilbake til regionen sin når dei skal etablere seg seinare i livet, så fremt dei får nytta utdanninga si der og denne identiteten og kjensla av tilhøyr blir halde ved like.

Når dei skal seie kva det beste ved Nordhordland/Osterøy er, så er det naturen og moglegheiter for friluftsliv som får høgast skåre (3,9). Lågast skåre får "Alt det som skjer innanfor kultur og idrett" (3,5).

**Ta stilling til følgjande påstandar:**



## 7 Er samarbeidet skule – næringsliv blitt betre?

Eit overordna mål for prosjektet er å gjere samarbeidet mellom skule og næringsliv betre. Det er ikkje definert kva som skal til for at ein skal kunne seie at samarbeidet er blitt betre, men det er naturleg å tenkje seg at både auka kvantitet og kvalitet vil kunne bidra til dette, men også betre rutinar for samarbeid.

Det har utan tvil vore eit samarbeid mellom skulane og bedriftene også før prosjektet starta opp, men då fortrinnsvis mellom einskildskular og einskildbedrifter. Det nye er at det er ein person som koordinerer kontakten mellom desse. Spørsmålet er om dette har gjort at det er blitt meir samarbeid, at det er blitt enklare å samarbeide og om kvaliteten på samarbeidet er blitt betre?

### 7.1 Meir samarbeid?

Faget Utdanningsval har i seg sjølve generert meir samarbeid mellom skule og næringsliv i og med at dei fleste elevane på 9. og 10. trinn skal ha yrkespraksis i bedrift i Nordhordland. Men kompetansekoordinatoren har bidratt til dette er blitt gjort på ein systematisk måte og at storparten får oppfylt førsteønsket sitt. Gjennom nettverket kompetansekoordinatoren har bygd opp i Nordhordland Handverk- og Industrilag, har truleg fleire bedrifter enn dei som tradisjonelt har samarbeidd med skuleverket, teke imot elevar i praksis.

Også til yrkesmessa er det rekruttert fleire bedrifter som ønskjer å presentere seg for elevane enn før prosjektet starta opp.

Skulekonkurransane er ein ny aktivitet som har involvert fleire bedrifter, både som arrangør og dommarar. Bedriftsbesøk både for elevar og lærarar er ikkje nye aktivitetar, men må seiest å ha blitt revitaliserte, noko som har generert meir samarbeid.

Det er difor grunnlag for å konkludere med at det er blitt meir samarbeid, både i form av fleire samarbeidsaktivitetar og ved at fleire bedrifter er involverte.


Men det er framleis eit potensiale for meir samarbeid, både ut frå skulane og bedriftene sin ståstad. Om lag halvparten av respondentane ved skulane meiner at det bør vere meir samarbeid mellom skule og næringsliv enn det er i dag. Det er ein monaleg større del av respondentane ved Osterøy vidaregåande skule (67 %) som ønskjer meir samarbeid enn det er ved skulane i Nordhordland (49 %). Det kan bety at samarbeidet mellom skule og næringsliv i Nordhordland har kome nærare det optimale punktet, enn det som er situasjonen i Osterøy. Ingen meiner at det bør vere mindre.

Halvparten av representantane frå skulane trekkjer fram som døme på meir samarbeid, at elevane besøkjer bedriftene og at bedriftene besøkjer skulane. Føremålet er at elevane skal få snakke meir med bedriftene direkte. Andre døme er fastare rutinar og meir informasjon og møte.

Også bedriftene peiker på behov for fleire bedriftsbesøk, slik at elevar og bedrifter får meir kontakt. Bedriftene etterlyser også fleire møte og meir kontakt mellom bedriftene og skulane for å informere og oppdatere kvarandre om kva som skjer. Rekruttering av lærlingar og kompetanse er det også ønske om meir samarbeid om.

Det er ein noko mindre del av bedriftene som er positive til meir samarbeid samanlikna med skulane (sjå figur neste side). Likevel seier 40 % av bedriftene at dei ønskjer meir samarbeid.

Drøye 40 % av både bedriftene og respondentane ved skulane seier at dei ønskjer at samarbeidet skal vere på same nivå som no.



## 7.2 Enklare å samarbeide?

I kapittel 4 så vi at skulane synest kontakten med kompetansekoordinatoren har ført til at dei ulike samarbeidsaktivitetane i store trekk har blitt enklare, både faget Utdanningsval og dei andre aktivitetane.

Hospitering er den delen av Utdanningsvalet skulane først og fremst synest at kompetansekoordinatoren har bidratt til å gjere enklare (5,3 i snitt), men også yrkespraksis i bedrift (4,4 i snitt). Spesielt for hospiteringsdelen har kompetansekoordinatoren innført rutinar som forenkler arbeidet monaleg for skulane. Etter nokre år med mykje arbeid, går dette arbeidet no nesten på skinner. Når det gjeld yrkespraksis i bedrift må skulane framleis gjere mykje sjølv, men kompetansekoordinatoren nyttar nettverket sitt her slik at bedriftene er førebudde og motiverte når skulane ringjer for å spørje om praksisplass.


Også dei andre samarbeidsaktivitetane har kompetansekoordinatoren bidratt til å gjere enklare, i følge skulane (over 5 i snitt), med unntak av utplassering av lærlingar, men her har kompetansekoordinatoren ei avgrensa rolle. Aller mest gjeld dette utstillingar og besøk på utdanningsmesser og for skulekonkurransar, kor kompetansekoordinatoren gjer eit tilretteleggjande og koordinerande arbeid.

Bedriftene på si side synest også at kontakten med kompetansekoordinatoren alt i alt har bidratt til å gjere samarbeidet med skulane enklare (4,4 i snitt). Effekten for bedriftene er med andre ord stor, men ikkje like stor som for skulane. Dette skuldast truleg at den største arbeidsbyrden i høve til å ta

og oppretthalde kontakt, ligg hjå skulane, og at dei ser at kompetansekoordinatoren sin funksjon gjer dette arbeidet enklare. Bedriftene på si side er dei som hovudsakleg *blir* kontakta.

### 7.3 *Betre kvalitet?*

I kapittel 4 så vi også at skulane synest kontakten med kompetansekoordinatoren har ført til at dei ulike samarbeidsaktivitetane i store trekk har blitt *betre*. Alt i alt synest respondentane at kontakten med kompetansekoordinatoren har vore svært nyttig (5,4 i snitt). Aller mest nøgd er rådgjevarane (5,8) og rektorane (5,7).




Sameleis seier hovudvekta av bedriftene (over 60 %) at kontakten med kompetansekoordinatoren har bidratt til å gjere bedrifta sitt samarbeid med skulane betre, 5,5 i snitt, noko som er ein svært høg skåre.

På spørsmål om kor viktig det er at næringslivet og skulane i Nordhordland samarbeider, er bedriftene og skulane i utvalet svært samkøyrd. Dryge 60 % av bedriftene og skulerepresentantane seier at det er svært viktig og om lag 30 % gir nest høgaste skåre.




**Kor viktig synest du det er at skolane og det lokale næringslivet i Nordhordland samarbeider?**




Det er likevel ikkje slik at alle kontakt mellom skulane og bedriftene skal gå via kompetanseskoordinatoren. Den viktigaste oppgåva til kompetanseskoordinatoren er å leggje til rette for slik kontakt. 86 % av respondentane i skuleverket seier at skulen tek direkte kontakt med bedrifter i Nordhordland i ganske stor grad eller i svært stor grad. At skulane tek direkte kontakt blir stadfesta av bedriftene i utvalet. 43 % av bedriftene seier at skulane tek svært ofte eller ganske ofte kontakt. Også elevar tek direkte kontakt med bedriftene. 32 % av bedriftene i utvalet seier at elevar tek svært ofte eller ganske ofte kontakt. 14 % av bedriftene opplev det same frå foreldre/føresette.

**I kva grad tek følgjande grupper direkte kontakt med di bedrift?**



Om dette er mindre eller meir enn før prosjektet starta opp, har vi ikkje grunnlag for å seie noko om. Det som er positivt er at berre ein liten del av bedriftene (21 %), ligg på den øvre delen av skalaen, dvs. at dei synest dette til ein viss grad er belastande. Dette kan skuldast at motivasjonen for samarbeid hjå bedriftene er veldig stor, uttrykt ved at berre ein forsvinnande liten del synest at det burde vere mindre samarbeid mellom skulane og bedriftene.

I kva grad synest du denne typen førespurnader er belastande for bedrifta di?



## 8 Oppsummering og vurdering

### 8.1 Oppsummering

- Kompetansekoordinatoren har rapportert til styringsgruppa. Styringsgruppa er nøgd med tilbakemeldingane. Det blir likevel peika på at styringsgruppa ikkje har hatt tilstrekkeleg styring på prosjektet.
- Kompetansekoordinatoren har kontorplass hos Nordhordland Handverk- og Industrilag. Frå ulike hald blir dette trekt fram som eit suksesskriterium. Dette har vore eit godt utgangspunkt for å knyte kontaktar og byggje nettverk i næringslivet.
- Om lag 70 % av bedriftene kjenner til at det er oppretta ei stilling som kompetansekoordinator i Nordhordland. Om lag 60 % har hatt kontakt med kompetansekoordinatoren.
- Nettsidene til kompetanseprosjektet er besøkt av om lag halvparten av skulerepresentantane i utvalet og om lag 30 % av bedriftene. Skulane og bedriftene ser stor nytteverdi i sidene.
- I starten var hovudfokus på faget Utdanningsval i ungdomsskulen. Kompetansekoordinatoren har vore mest involvert i hospiteringsdelen. 92 % av elevane har fått oppfylt førsteønsket sitt for hospitering i vidaregåande skole både for utdanningsprogram 1 og 2. 78 % har fått oppfylt førsteønsket sitt for yrkespraksis i bedrift. Dette er svært bra.
- Jamt over synest skulane at faget Utdanningsval har fungert bra. Mest nøgd er rådgivarane. Fleirtalet meiner at kompetansekoordinatoren har bidratt til at desse to oppgåvene både har blitt enklare og betre. Størst positiv effekt har det hatt på hospitering i vidaregåande skule.
- Av andre aktivitetar har ungdomsskulane hatt mest kontakt med kompetansekoordinatoren i samband med besøk på utdanningsmessa, rådgjevarsamlingar og entreprenørskapsarbeid. Dei vidaregåande skulane har hatt mest kontakt i samband med skulekonkurransar, besøk og utstilling på utdanningsmessa og grundercamp. At kompetansekoordinatoren har vore involvert har hatt ein stor positiv effekt både i høve til at arbeidet er blitt enklare og betre.
- 75 av 93 bedrifter har hatt eit samarbeid med skulane i regionen i ei eller anna form. Flest bedrifter har hatt ungdomsskoleelevar utplassert i yrkespraksis, elevar i vidaregåande skule i arbeidstrening og lærlingar. Men også halvparten av bedriftene har delteke på utdanningsmessa og ein god del har hatt bedriftsbesøk for elevane. Dei aktivitetane som kompetansekoordinatoren anten har teke initiativ til eller har vore involvert mest i er bedriftsbesøk for lærarar og elevar, utdanningsmessa og utplassering av ungdomsskoleelevar i yrkespraksis.
- Kompetansekoordinatoren har også vore involvert i ei rekkje nye aktivitetar som gjeld heile regionen.
- Dei tiltaka som elevane seier har vore mest til hjelp når dei skulle søkje vidaregåande skule, er hospitering i vidaregåande skule og rettleiing frå rådgjevar. Samstundes seier elevane at dei lyttar mest til foreldre/familie når dei skulle søkje vidaregåande skule. Størparten av lærarane/rådgjevarane i skulane meiner elevane i større grad vel høveleg utdanning etter at faget Utdanningsval blei innført.
- Om lag 80 % av 10.-klassingane i Nordhordland har søkt Knarvik vgs eller Austrheim vgs. Den mest vanlege grunnen for å søkje skule utanfor Nordhordland, er at skulane i Nordhordland ikkje har det utdanningsprogrammet dei helst ønskjer å ta. Deretter er det eit ønskje om å flytte vekk.
- Nordhordland har ein mykje mindre andel søkjarar til studiespesialiserande utdanningsprogram enn fylket under eitt, men ein langt større andel søkjarar til Teknisk og industriell produksjon (TIP). Ein tredel av søkjarane til TIP i Nordhordland er jenter.
- Det er ein klår overvekt av elevar som ser det som sannsynleg at dei vil ta høgare utdanning. Nesten alle som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram ser det som svært sannsynleg, men også ein liten overvekt av dei som har vald yrkesfaglege utdanningsprogram

ser for seg at dei vil ta høgare utdanning. Ein tredel ønskjer å ta høgare utdanning innanfor ingeniørfag, naturvitskap, etc.

- Det er ein stor overvekt av elevane som trur dei kan få jobb i heimregionen med den utdanninga dei har tenkt å ta. At dei kan få jobb i heimregionen etter fullført utdanning er likevel ikkje ein faktor som blir tillagt særleg vekt når dei vel utdanning, og minst viktig er det for dei som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram. Det som tel mest for elevane under eitt, er at dei får brukt evnene sine og at dei kan få ein godt betalt jobb.
- Etter at kompetanseprosjektet starta opp er det blitt meir samarbeid mellom bedrift og skule, både i form av fleire samarbeidsaktivitetar og ved at fleire bedrifter er involverte. Det er likevel potensiale for meir samarbeid. Spesielt blir bedriftsbesøk trekt fram som noko både skular og bedrifter ønskjer meir av.
- Både skular og bedrifter meiner at kompetansekoordinatoren har bidratt til å gjere samarbeidet mellom bedrift og skule enklare, men effekten er likevel størst for skulane, som er dei som har den største arbeidsbyrden i høve til å ta og oppretthalde kontakt. Spesielt er det laga gode rutinar for hospitering i vidaregåande skule.
- Alt i alt synest både skulane og bedriftene at kontakten med kompetansekoordinatoren i stor grad har ført til at samarbeidet skule – næringsliv er blitt betre. Skulane og bedriftene er også samkøyrd i si oppfatning av at det er svært viktig at skulane og det lokale næringslivet samarbeider. Fram til no synest bedriftene i liten grad at førespurnader frå skule eller elevar har vore belastande.


## **8.2 Er det behov for ein kompetansekoordinator?**

Gjennomgangen viser at kompetansekoordinatoren har teke initiativ til og vore involvert i mange samarbeidsaktivitetar. Dei aktivitetane som i utgangspunktet låg til stillinga var koordinering av faget Utdanningsval, Prosjekt til fordjuping og Utdanningsmessa. Desse oppgåvene har igjen utløyst andre oppgåver som kompetansekoordinatoren har gripe fatt i.

Men det som er like viktig er at kompetansekoordinatoren har eit oversyn over kva som skjer på feltet, kan setje i gang aktivitetar og kople saman andre aktørar. Funksjonen blir av fleire av intervjuobjekta omtalt som "the missing link", dvs. ein link som har mangla, men som ein no ser er nødvendig. Tidlegare var det ingen som kunne ta fatt i idéar og førespurnader som gjekk på tvers av sektorar og kommunar og på tvers av etatar.

Dersom det ikkje hadde vore ein kompetansekoordinator i Nordhordland, ville mykje ha vore opp til den einskilde skule og den einskilde bedrift. Både bedriftene og skulane i utvalet ser det som viktig at nokon koordinerer kontakten mellom næringsliv og skule, men skulane ser det som meir viktig (5.6 i snitt) enn det bedriftene gjer (4,4 i snitt). Dette kan skuldast at bedriftene får lettare aksess til skulane enn motsett. Det er som hovudregel bedriftene som blir kontakta.

### Kor viktig er det at nokon koordinerer kontakten mellom næringsliv og skolane?



Opprettinga av stillinga som kompetansekoordinator i Nordhordland har fylt eit behov og har gjort at samarbeidet mellom skule og næringsliv i Nordhordland har auka i omfang, har blitt enklare og kvaliteten har blitt betre. Dei faktorane som ser ut til å ha bidratt mest til dette er at kompetansekoordinatoren:

- Har bakgrunn frå skulen og kjenner skuleverket godt
- Har kontorplass hos Nordhordland Handverk og Industrilag
- Er lokalisert i regionen
- Er aktiv og reiser rundt og treffer folk der dei er

## 8.2 Samarbeid med Senter for yrkesretteiing (SYR)

Senter for yrkesretteiing (SYR) ser også behov for ein koordinator i kvar region, men ser samstundes det som viktig at alle dreg i same retning. SYR seier at det er mykje godt arbeid som blir gjort på lokalt initiativ. Dette ønskjer dei å byggje vidare på, for å få ein mest mogleg felles og rasjonell arbeidsform. Fram til no har SYR hatt eit tett samarbeid med Sunnhordland og Askøy, medan Nordhordland og Bergen i større grad har hatt sitt eige opplegg. Samstundes seier SYR at Nordhordland er den regionen som har fått til det mest strukturerte og omfattande samarbeidet mellom skule og bedrift i form av faste møte og etablerte samarbeidsformer.

Kompetansekoordinatoren i Nordhordland har ikkje samarbeidd med SYR om nokre av aktivitetane. Ingen av ungdomsskulane har heller nytta seg av tilbodet om skulebesøk i regi av SYR. Det er vidare berre eit fåtal lærarar i ungdomsskulen (4-5 personar) som har meldt seg på SYR sitt etterutdanningskurs i Utdanningsval. Det skulle tilseie at dei synest det tilbodet og den hjelpa dei får lokalt er tilfredsstillande. Resultata frå spørjeundersøkinga blant skulane bekreftar dette inntrykket.

Eit anna spørsmål er om kompetansekoordinatoren burde ha samarbeidd med SYR i større grad og om det hadde gitt enda betre uttelling, både i høve til ressursbruk og innhald.

Når det gjeld koordinering av hospiteringsdelen av faget, bruker kompetansekordinatoren mykje mindre tid på dette no samanlikna med i starten. Det er utarbeidd gode rutinar som alle kjenner til og alle respekterer tidsfristane. Det er vanskeleg å sjå at det på noverande tidspunkt ville ha vore ein gevinst i å samordne dette arbeidet med SYR. Dersom det digitale koordineringsverktøyet som er under uttesting blir teke i bruk, vil det kunne overta innrapportering frå ungdomsskulane. Forskjellen er at det då vil vere elevane sitt eige ansvar å søkje hospitering. Dette ville ha letta rådgjevarane ved ungdomsskulane sitt arbeid. Det vidare arbeidet måtte kompetansekordinatoren ha gjort uansett.

Når det gjeld koordinering av yrkespraksisdelen av faget, er det rådgjevarane sitt ansvar å ringje til bedriftene og gjere avtale om utplassering. Det er på dette punktet at ein kan spare mest tid ved å ta i bruk det digitale koordineringsverktøyet. Men det er viktig å understreke at kompetansekordinatoren framleis må ha ein utstrakt kontakt med bedriftene, gjere dei merksame på kva moglegheiter som finst og korleis dei kan ta i bruk desse, på same måte som ho gjer i dag.

Av dei skulane og bedriftene som ønskte meir kontakt mellom skule og næringsliv i Nordhordland, trekte fleirtalet fram behovet for meir bedriftsbesøk, både at bedriftene besøkte skulane og at elevane besøkte bedriftene. På dette området kan det vere eit potensiale for samarbeid mellom kompetansekordinatoren og Senter for yrkesretteiing.

Det betyr ikkje at denne typen arbeid kan sentraliserast. Kompetansekordinatoren peiker sjølv på at det er viktig at ho er lokalisert i distriktet ho kjem i frå og at ho kjenner til kva som skjer der.

“Eg er jo frå distriktet, eg har vokse opp der ute, eg kjenner jo området. Dersom eg skulle sitje i sentrum i lag med andre frå fylket, så ville det ha blitt oppfatta feil av distriktet. Dei er veldig opptatt av at eg er i distriktet og ser kva som skjer der ute. (Kompetansekordinatoren)

### **8.3 Eit breiare og meir allsidig næringsliv**

Nordhordland har mange arbeidsplassar knytt til mekanisk og oljeretta verksemd (sjå kapittel 3). I prosjektsøknaden blei det uttrykt eit ønske om å utvikle eit meir allsidig næringsliv. Samstundes er det ei målsetting at elevane skal velje utdanning i tråd med det bedriftene etterspør. Dette kan verke noko motstridande.

Faget Utdanningsval gir moglegheit til å velje mellom alle dei 12 utdanningsprogramma i vidaregåande skule. Likevel ser vi at ved overgang til vidaregåande skule, vel elevane i mykje større grad enn elevar i andre delar av fylket, utdanningsprogram som kvalifiserer for jobb i industrien. Det kan skuldast at det er desse bedriftene dei møter og får kjennskap til gjennom utdanningsløpet. Skulekonkurransar innan sveising, elektro, CNC og industrimekanikarfaget gjer desse fagområda meir synlege. Bedriftene i Nordhordland har framleis stort behov for fagutdanna arbeidskraft og ein del bedrifter har vanskar med å rekruttere denne kompetansen. Bedriftene ser på det som ein stor fordel å rekruttere arbeidskrafta i regionen. Det er difor viktig at elevane også i framtida vel denne typen utdanning. Samstundes ser vi at ein stor del av elevane ønskjer å ta høgare utdanning, ikkje berre dei som har vald studiespesialiserande utdanningsprogram, men også blant dei som har vald yrkesfaglege utdanningsprogram. Blant desse er det mange som ønskjer å ta vidare utdanning innan ingeniørfag og naturvitskap. Det kan difor tenkjast at på sikt vil andelen med fagutdanning i Nordhordland minke i høve til andelen med høgare utdanning.

Samstundes er det også ei utfordring å leggje til rette for at også andre næringar kan etablere seg og vekse i regionen, slik som til dømes forretningsmessig tenesteyting. Gjennom Ungt entreprenørskap blir elevane stimulerte til å starte eigen bedrift når dei er ferdig med utdanninga. Større fokus på bedrifter innafor andre næringar, vil kunne auke sjansane for nyetableringar på desse områda.

## **8.4 Prioritering av oppgåver**

Kompetansekordinatoren begynte med nokre få, avgrensa arbeidsoppgåver, og "så er det blitt meir og meir og meir", slik ho sjølv uttrykkjer det. Å kunne følgje med på ting som skjer og fange opp behov i dialog med andre aktørar, har vore noko av styrken til kompetansekordinatoren.

Samstundes må det gjerast nokre val undervegs. I starten var det veldig mykje fokus på ungdomsskulene og ungdomsskuleelevane. Noko av føremålet med skulekonkurransane var å få i gong aktivitetar på vidaregåande nivå. Gjennom skulekonkurransane kom behovet for eigne fagdagar innan dei ulike utdanningsprogramma i vidaregåande skule opp. Etterkvart har også kompetansekordinatoren hjelpt til med gjennomføringa av Prosjekt til fordjuping i vidaregåande skule fordi det har vist seg at det var større behov for hjelp enn det ein tidlegare trudde.

Etter at prosjektperioden no er gjennomført, målsettingane i prosjektplanen må seiast å vere oppfylte og prosjektet skal over i ein driftsfase, tilrår evaluator at det blir gjort ei meir systematisk tilnærming til korleis kompetansekordinatoren skal jobbe framover, i høve til ungdomsskulane, til dei vidaregåande skulane og bedriftene, og korleis kompetansekordinatoren kan samarbeide med andre aktørar. Dette bør baserast på dei erfaringane ein har hausta i prosjektet. Styringsgruppa, der både kommunane (via Regionrådet Nordhordland), fylkeskommunen og bedriftene er representert, bør drøfte denne saka og meisle ut dei overordna målsettingane.